



ULVIK HERAD



ØKONOMIPLAN 2017-2020 og ÅRSBUDSJETT 2017

INNHALD

1. Heradsstyrevedtaket

- 1.1. Ulvik – perla i Hardanger

2. Innleiing

- 2.1 Kommuneplan 2009-2020
- 2.2 Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett
- 2.3 Omstilling og utvikling – «Ulvik 2020»
- 2.4 Kommunereforma

3. Tenesteproduksjonen

- 3.1 Politisk styring
- 3.2 Administrasjon, kultur og samfunnsutvikling
- 3.3 Barnehagen
- 3.4 Undervisning
- 3.5 Helse- og sosial
- 3.6 Pleie- og omsorg
- 3.7 NAV
- 3.8 Teknisk drift og anlegg

4. Økonomiplan 2017-2020 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

- 4.1 Inntekter i planperioden
- 4.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden
- 4.3 Lån, renter og avdrag i planperioden
- 4.4 Investeringar i planperioden
- 4.5 Disponible fond
- 4.6 Næringsfondet
- 4.7 Sparekatalogen - oppsummering

5. Vedlegg

- 5.1 Årsbudsjett 2017, drift. Budsjettskjema 1
- 5.2 Årsbudsjett 2017, investering. Budsjettskjema 2
- 5.3 Detaljert driftsbudsjett, budsjettskjema 1b
- 5.4 Betalingssatsar 2017

1. Heradsstyrevedtaket

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, rådmannsnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av hovudoversikt og vedlagde talbudsjett.
3. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2017 vert godkjent med ei totalramme på kr 14 080 000 og eit låneopptak på inntil kr 9 207 216
4. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
5. For eigedomsskatteåret 2017 skal det skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr. eigedomsskattelova § 3 første ledd, bokstav c.
6. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2017 er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 første ledd.
7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 12.12. 2012 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2017, jfr. eigedomsskattelova § 10.
8. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jfr. eigedomsskattelova § 25 første ledd.
9. Det vert ein auke i betalingsattsane for kommunale tenester frå og med 1. jan. 2017. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp.

For avgifter – vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk.

Betalingsattsane for tenester i pleie- og omsorg vert auka med 10% til 67%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve

endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1. 2017.

Betalingsattsane for tenester på skulen vert auke med 4%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2017.

Betalingsattsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltids plass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.

Husleigesattsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 2,5%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.

Betalingsattsar for byggjesak og matrikulering er sett opp med 20%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2017.

10. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS med NOK 1.147 mill. i 2017.

11. Løyvingar til vedtekne prosjekt som ikkje er fullførde ved årsskiftet kan overførast til neste års investeringsbudsjett utan ny handsaming i heradstyret.

12. Etter framlegg frå valnemnda vert godtgjersle til ordførar for 2017 fastsett til kr..... og til varaordførar kr.....

1.1. Ulvik – perla i Hardanger

Ulvik er perla i Hardanger. I alle år har me vore ein velstående kraftkommune med gode kommunale tenester, og eit godt kulturliv. Utfordringa vert å bevara det gode framover.

Det er ikkje til å stikka under ein stol at det vert utfordrande tider framover. Dei økonomiske prognosane for heradsøkonomien viser at me må ta ned drifta med inntil 10 MNOK fram mot 2020. Årsaka er svikt i inntektene for sal av konsesjonskraft, og eigedomskatt. I tillegg er det eit sterkt politisk ynskje om å byggja ny sjukeheim, som vil medføra auka utgifter til avdrag og renter på lån. Lånegjelda vil auka frå om lag 56 MNOK til 112 MNOK i planperioden, om heradsstyret vel å gå for ein ny sjukeheim. Det er utfordrande, og krev endring og omstilling. Det vil føra til at me må prioritera dei lovpålagte oppgåvene, og la andre ting liggja. Oppgåvene må utførast med færre tilsette. Andre prioriterte oppgåver vil måtta venta.

Arbeidet med sparekatalogen i 2016 har vist at det er mogleg å få til innsparingar. Basert på Telemarksforskning sin rapport for økonomien i heradet, har kvar tenesteeining (med unntak av barnehagen) jobba med utgiftsreducerande tiltak. Dette arbeidet vil bera frukter. Konsekvensane må vurderast, men det er fullt mogleg å føreta innsparingar, utan at dette går ut over tenesteproduksjonen i vesentleg grad. Denne økonomiplanen tek opp i seg tiltaka i sparekatalogen.

Eg vil takka alle som har bidrege i arbeidet, og ynskjer med dette lukke til med arbeidet framover i planperioden. Til slutt vil eg visa til eit gammalt kinesisk ordtak: «Når forandringens vinder blåser, bygger noen levegger – andre bygger vindmøller».

Med helsing

Reidar Meel

-konst.rådmann-

2. Innleiing

2.1. Kommuneplan 2009-2020

Kommuneplanen er heradet sin overordna plan for kommunen si utvikling. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen gjeld i ein 12 årsperiode. Ulvik herad vedtok samfunnsdelen i 2010, og arealdelen i 2016. Ut frå endra føresetnader i planperioden 2017-2020 bør samfunnsdelen takast opp til ny vurdering. Eg tenkjer då særskild på endra rammeføresetnader på det økonomiske området.

2.2. Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

Handlingsprogrammet er handlingsdelen av kommuneplanen, og har eit 4-års perspektiv. Økonomiplanen kan vera ein del av handlingsprogrammet, og skal visa kommunen sine utgifter og inntekter i planperioden. Årsbudsjettet er første året i økonomiplanen, og er juridisk bindande for kommunen. Kommunestyret skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett som er i balanse. Handlingsprogrammet/økonomiplanen skal oppdaterast kvart år.

2.3. Omstilling og utvikling

Heradet står overfor ei større omstilling. Driftsutgiftene må justerast ned ut over i økonomiplanperioden grunna lågare inntekter, og høgare utgifter. Dette vil føra til ei omstilling for organisasjonen. Det vil bli utfordrande å nå målet om reduserte driftsutgifter. Det vil føra til innsparingar, og endra organisering. Likevel kan dette føra til ei positiv utvikling for organisasjonen. Arbeidet med sparekatalogen vil vera viktig for å nå målsetjingane om innsparing.

2.4. Kommunereforma

Kommunereforma har utfordra kommunen sin eksistens som eigen kommune. Heradsstyret sa i 2016 ja til å slå seg saman med ein eller fleire kommunar i Hardanger. Kommunereforma har som mål å skapa robuste kommunar, som kan ivareta innbyggjarane sitt behov for kommunale tenester. Slik situasjonen er no – før Stortinget har teke endeleg avgjerd – vil Ulvik halda fram som eigen kommune, inntil noko anna vert bestemt.

Å stå åleine vil ha sine utfordringar. Me er avhengig av andre kommunar på ein del sentrale tenesteområde som barnevern, IKT og legevakttenester. Sidan me er små treng me også samarbeid om andre tenester. Det kan bli utfordrande å få til framover, når nokre naboar vel å gå saman med større kommunar.

3. Tenesteproduksjonen

3.1. Politisk styring

Heradsstyret og formannskapet er dei sentrale styringsorgana i Ulvik herad. I tillegg er det eit eige partsamansett utval (administrasjonsutvalet). Ut over dette er det ei rad utval som i varetek ulike politiske ansvarsområde som t.d. Viltnemnd og Fjellstyre. Heradsstyret er vedtaksorgan for budsjett og økonomiplan, etter tilråding frå formannskapet.

Heradsstyre og formannskapet 2015-2019

Heradsstyret frå 14.10.2015

Venstre (4): Håkon Gjerde, Oddmund Jordal, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.

Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Alf G. Sortland, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.

Senterpartiet (4): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Ingvild B. Sygnestveit og Jon O. Heggseth.

Høgre (2): Stig Røkenes og Magrete Øydvin.

Sosialistisk Venstreparti (2): Guro Ljone og Hanne Li.

Formannskapet frå 14.10.2015

Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Håkon Gjerde (V) og Guro Ljone (SV)

Politiske føringar - kafédialog

Arbeidet med ein økonomiplan må vera tufta på politiske føringar. Heradsstyret saman med einingsleiarar og tillitsvalde har drøfta dei viktigaste prioriteringane framover. Dei 5 temaområda har vore ØKONOMI, LOKALSAMFUNNSUTVIKLING, OPPVEKST, HELSE-OG OMSORG OG TEKNIKSE TENESTER OG ADMINISTRASJON.

Spørsmålsstillingane har vore:

Kva skal til for at me får eit godt oppveksttilbod i 2020?

Kva skal til for at me har eit godt helse- og omsorgstilbod i 2020?

Korleis skal tekniske og administrative tenester vera i 2020?

I kva retning skal lokalsamfunnet gå fram mot 2020?

Korleis skal Ulvik herad ha ein berekraftig økonomi i 2020?

Drøftingane av denne tematikken bør kunne vera førande for arbeidet med økonomiplan og budsjett. Her er dei viktigaste punkta frå drøftingane:

OPPVEKST

- Barnehage/skule. kvalitet og tilrettelegging.
- Variert fritidstilbod/møteplassar.
- Eldsjeler/friviljug lagsarbeid/dugnad.
- Vidareutvikla tilboda for unge.
- Nettdekning/infrastruktur

HELSE- OG OMOSRG

- Ny sjukeheim.
- Tilrettelegging for gode møteplassar.
- Nærleik til tenestene.

TEKNISKE TENESTER OG ADMININISTRASJON

- Interkommunalt samarbeid. Inkludert tekniske tenester/vaktordningar.
- Tydlegare kommunikasjon/haldningsendring. Kva skal Ulvik herad levera?
- Teknologisk utvikling. Mindre behov for menneskelege ressursar.
- Infrastruktur.
- Kjøp av økonomiske tenester frå firma eller annan kommune. Setje vekk desse tenestene om mogleg (Løn, fakturering og rekneskap)

LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

- Utnytta og reindyrka det ressurs- og naturgrunlaget me har.
- Cittaslow-filosofien må forankrast. I organisasjonen, i politiske avgjerder og blant innbyggjarane.
- Synleggjering og marknadsføring.
- Tilflytting og arbeidsplassar.
- Bukvalitet.

ØKONOMI

- Eigedomsskatt. Må eventuelt vurderer dette for å ha råd til dei investeringane som ligg framfor oss.
- Verte attraktive. Fleire innbyggjarar, fleire arbeidsplassar, fibernett fordelt ut i bygda.
- Interkommunalt samarbeid.
- Den totale organiseringa av Ulvik herad. Kan ein henta noko der?
- Sal av eigedomsmassen (ikkje Finse).

3.2. Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling

	2016	2017	2018	2019	2020
(A) Basisramme 2017-2020 . Framskrivnen utan endringar, der 2017 inkluderer pkt.C.	15 700	15 962	15 537	15 562	15 537
(B) Rammeendringar (=konsekvens- justeringar og sparekatalogen)		-428	-828	-828	-828
		2017	2018	2019	2020
(C) Rammeendringar					
1)Reduksjon 100% stilling som kultursjef/rådgjevar*		-228	-228	-228	-228
2)Overføring frå flyktningebudsjett – «FTH-stilling»		-200	-200	-200	-200
3)Redusert 20% stilling økonomikontoret			-100	-100	-100
4)Lokalhistorisk arkiv – redusert 45% stilling			-300	-300	-300
.. * 472' redusert næringsfondet kjem i tillegg.		(-472)	(-472)	(-472)	(-472)
..					
Sum endringar og tilpassingar, utanom kompensasjon for lønsøverhenget frå 2016, samanlikna med ramma i opprinneleg årsbudsjett for inneverande år		-428	-828	-828	-828

1 Verksemda

Ansvarsområde 200 og 210 femner om; Rådmannen, politisk verksemd, styring og kontroll, felles administrasjon, felles IKT, kultur, næring og tilskot til kyrkja.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheit

Ansvarsområdet står framfor ei omstilling. Bemanninga vert redusert som fylgje av reduserte inntekter. Dette vil føra til at stillingar ikkje vert ført vidare, og at oppgåver som skal gjennomførast, må fordelast på fleire. Det må også føra til at tenester som ikkje er lovpålagde vert tekne bort. Dette kan/vil føra til endra organisering. Utfordringa vert å oppretthalda tenesteproduksjonen på same nivå som før. Det positive er at det er mogleg å gjera endringar.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Stortingsvalet i 2017 fører til at ansvarsområdet får tilført midlar til gjennomføringa med kr. 75 000,-. Vidare fell det øymerka tilskotet til frivilligsentralen bort frå 1.1.2017. Tilskotet er no innarbeidd i rammetilskotet og tilført budsjettansvarsområdet.

Ut over dette er det gjort tilpasningar/justeringar til framtidig inntektsbortfall som er skissert i punkt. c ovanfor. Stillinga som kultursjef/rådgjevar i 100% stilling vert inndregen. Oppgåvene må fordelast på andre tilsette. Samla innsparing er ca. 700 000 kr pr. år, der kr. 472 000 er innsparing på næringsfondet, og kr. 228 000 er innsparing på ramma. Vidare er 200 000 kr. tilført eininga frå flyktningefondet fordi ein av medarbeidarane i administrasjonen jobbar med flyktningearbeidet.

Frivilligsentralen vert oppretthalden som i dag, sjølv om den øymerka tilskotsordninga fell vekk.

Ut over dette reduserer me med ei 20% stilling ved økonomikontoret, som utgjer ca.100 000 kr. frå og med 2018. Frå same år vert 45% stilling ved lokalhistorisk arkiv inndregen, noko som utgjer ei innsparing på 300 000 kr. eventuelt vert sistnemnde endring effektuert seinare om det ikkje vert naturleg avgang.

Viser elles til oppsettet i punkt. c i tabellen.

4 Målsetjingar og strategiar

Målet er å oppretthalda ein god tenesteproduksjon i framtida.

Endringane i rammene framover vil medføra at heradet bruker mindre til administrasjon enn tidlegare. Det vil vera strategisk viktig å motivera tilsette til å ta del i desse endringane, slik at ein når målet med å oppretthalda tenesteproduksjonen, med færre ressursar. Dette kan både ha ein negativ og ein positiv effekt. Positiv i den forstand at ein må jobba smartare, medan nokon vil oppleve at ein får meirarbeid tillagt stillinga. Uansett er dette nødvendig ut frå det faktum at inntektene minkar i tida framover.

Tilskotet til kyrkja er auka frå 1 835 MNOK til 1 839 MNOK frå 2016 til 2017. Det er lagt inn ei eingongstilskot til kyrkja på kr. 55 000,- til kjøp av nye løparar i kyrkja.

3.3. Barnehage

	2016	2017	2018	2019	2020
(A) «Basis» (=opprinneleg vedteke budsjett 2016)	7.160	7.368	7.368	7.368	7.368
(B) «Basis» kompensert med lønsvekst frå 2016 (=overheng)					
(C) Andre rammeendringar (=konsekvensjusteringar frå budsjettendringar hittil i år, andre tilhøve, sparekatalogen)		378	111	---	---
		2017	2018	2019	2020
1) Tospråkleg assistent 50% heile 2017 og halve 2018		223	111	---	---
2) Støtteressurs 50% halve 2017		155	---	---	---
3)					
4)					
5)					
Sum endringar og tilpassingar, utanom kompensasjon for lønsoverhengen frå 2016, samanlikna med ramma i opprinneleg årsbudsjett for inneverande år		378	111	---	---

1 Verksemda

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- Barnehagens innhald skal byggja på eit heilskapeleg læringssyn, der omsorg og leik, læring og danning er sentrale delar.
- Sosial og språkleg kompetanse og sju fagområder er viktige delar av læringsmiljøet.
- Ved alle handlingar som vedgår barn skal barnet sitt beste vera eit grunnleggjande omsyn

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheitar

Ulvik barnehage har dei siste åra hatt store barnegrupper. Det vil seia at me har hatt meir enn 9 born på småbarnsavdelingane og meir enn 18 born på dei store avdelingane. Dette er ein konsekvens av full barnehagedekking heile året. Det har blitt sett inn ekstra personale i takt med auka barnetal (ein vaksen pr. 3 småbarn og ein vaksen pr. 6 born over 3 år. Det er difor lagt inn to 100% stillingar fram til 7. juli 2016.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

I tillegg har barnehagen mange tospråklege born og me har i den samanheng hatt 50% tospråkleg assistent. Behovet for denne stillinga er framleis stort, men eg har ikkje funne plass til denne i tildelt råde for 2017. Det same gjeld 50% støtte til born som treng tettare oppfølging.

Det er fylgjeleg trong for ekstraressursar i 2017 tilsvarande 378 000 kr jf. punkt.1 og 2 i rammeendringane. Denne summen er tilført barnehagen si ramme. Ekstraressursar for 2018 vert vurdert ved budsjettarbeidet hausten 2017.

4 Målsetjingar og strategiar

Målet er å sikre god kvalitet – fysisk, materielt og innhaldsmessig slik at:

- fleire vil nytte barnehagen
- foreldra vert nøgde (foreldreundersøkingar)
- borna får eit solid grunnlag til å lukkast seinare i livet.

Føresetnader:

- God dekning av pedagogar og fagarbeidarar
- Bemanningsnorm blir lovfesta
- Auka styrarressurs
- God aldersspreiing i personalgruppa
- Færre born i den einaskilde avdeling
- Godt arbeidsmiljø (full av lyst!)
- Ny barnehageavdeling med rom for fysisk fostring og ulike samlingar
- Eit budsjett som gir handlingsrom

3.4. Undervisning

	2016	2017	2018	2019	2020
(A) «Basis» (=opprinneleg vedteke budsjett 2016)	19.530	19.174	19.174	19.174	19.174
(B) Andre rammeendringar (=konsekvensjusteringar frå budsjettendringar hittil i år, andre tilhøve, sparekatalogen)		-815	-875	-750	-400
		2017	2018	2019	2020
1) Redusert lærartimetal/stillingar,		-200	-500	-500	-400
2) Redusert lærartimetal flyktningar/velkomstklasse		-100	-100		
3) Redusert assistenttimetal		-125	-125	-250	
4) Stengt kantine. (Frå 1/8-2017)		-150	-150		
5) Reduserte ekskursjonar		-90			
6) Redusert køyregodtgjering kulturskule		-50			
7) Kutt i lærebøker, skulemateriell, inventar, utstyr		-100			
Sum endringar og tilpassingar, utanom kompensasjon for lønsoverhenget frå 2016, samanlikna med ramma i opprinneleg årsbudsjett for inneverande år		-815	-875	-750	-400

1 Verksemda

Kap 230 Undervisning femner om:

- Dei kommunale tilbod for born og unge; Grunnskuleopplæring, Skuleskyss, PPT/spesialundervisning, Skulefritidstilbod (SFO), Kulturskule.
- I tillegg ligg vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne framandspråklege med rett og plikt til opplæring, og eit nytt område som vil koma sterkare i kjølvatnet av dette; retten vaksne har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.
- Verksemda er styrt av lover, føresegner og rundskriv, i all hovudsak frå utdanningsdepartement og utdanningsdirektorat, men eininga må også førehalda seg til andre med lovleg heimel til å stilla krav.
- Verksemda skal levera tenester som sikrar at born, unge og vaksne sine rettar til god og likeverdig opplæring vert ivareteken, og at lover og føresegner vert haldne.
- Det godt utbygde kulturskuletilbodet har ei lovfesta minimumsramme; dvs at alle kommunar skal ha kulturskuletilbod. Lova definerer ikkje i kva omfang tilbodet skal gjevast. I vår kommune er det gjeldande prinsippet at alle skal få det dei søkjer om, og det skal ikkje vera ventelister.
- Dessutan leverer tenesta eitt tilbod som ikkje er lovpålagt; tilbod om gratis skulemat, kantine, for elevar i 5.-10.klasse.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

No-situasjonen:

- Undervisningseininga har i dag dyktige medarbeidarar, gode samarbeidspartar som leverer helse, PPT-, BUP og barnevernstenester, gode og tenelege opplæringsrom, godt utstyr, ryddig organisering og gode resultat, som indikerer at me gjev ei god opplæring for alle.
- Skulen gjer det godt på ekstern skulevurdering, sluttvurdering/grunnskulepoeng etter 10.klasse. Nesten alle Ulvik-elevane gjennomfører vidaregåande skule på normert tid, 3 år. Det er jamt over god trivsel og lite mobbing på skulen.
- Undervegsvurderinga i høve til resultat på nasjonale prøver (lesing, skriving, rekning, digitale ferdigheiter), elevundersøkingar/foreldreundersøkingar (trivsel, motivasjon, skule-heim-samarbeid, læringsresultat, trygt miljø, mobbing, medbestemmelse, elevvurdering/eigenvurdering, støtte m.v.) og kartleggingsprøver syner litt meir varierende resultat. Dette skuldast i hovudsak at den vanlege variasjonen som finst i alle klassar, ofte vert ekstra utslagsgjevande når det er få elevar i klassen.
- Skulen har fram til 2015 vore drifta som ein fulldelt skule, med reine årsstegsklassar. Frå 2015 har me, primært av økonomiske – men også av pedagogiske grunnar arbeidd noko med samanslåtte klassar.
- Kulturskulen har måtta redusera timelengdene på individuelle tilbod, og auka gruppestorleiken i andre tilbod for å kunna ta imot alle elevane.

- SFO har teke imot alle som har søkt plass i rett tid, men og gjort opptak etter at fristen var gått ut. Elevar med anna morsmål få særskild norskopplæring og morsmålsopplæring slik lova krev det.

Utfordringar er m.a. knytt til:

- nokre elevar ved skulen har behov for spesialundervisning.
- at me har ein relativt stor personalutskifting på gang. Den starta for eit år sidan, og vil halda fram 2-3 år til.
- at elevtalet minkar (årskulla varierer mykje) og klassesamanslåing skal vera med på å få til ei relativt stor økonomisk innsparing.
- at ein aukande del av foreldregruppa ikkje har tilstrekkeleg tid til å fylgja opp elevane sine, og ikkje har overskot til å engasjera seg i foreldrerådsarbeid.
- at mobbing ikkje tek slutt, trass i målretta innsats.
- at økonomien ikkje lenger gjev rom for etterutdanning.
- at varierende årskull gjer utfordrande med å slå saman klassar..

Mogelegheiter er m.a. knytt til:

- at skulen greier å tilretteleggja for meir praktisk, livsnær, kreativ, motiverande og framtidretta opplæring. Dette må tuftast på ei god blanding av sentralt lærestoff og tilstrekkeleg lokalt stofftilfang. Identitetsmessig og kjenslemessig kan dette knyta elevane enno sterkare til heimbygda si.
- at me kan utvikla kroppsøvingstilbodet i ny hall og rehabilitert symjehall.
- at me greier å halda oppe uteskule og kan auka arbeidet med fysisk aktivitet i kvardagen i skulen.
- at me greier utnytta dei digitale verktya som kjem på marknaden på ein måte som kan skapa meir variert og motiverande opplæring.
- at me kan vidareutvikla ein god uteskule og styrkja innsatsen for fysisk aktivitet i kvardagane som sterke faktor for eit positivt læringsmiljø.
- at våre nyutdanna og nytilsette kan vinna tryggleik i yrket og påverka utviklinga i skulen vår, og gjennom si ferske utdanning gje oss pedagogiske og faglege utfordringar der også foreldra kjem sterkare inn att i skulen.
- at eit samarbeid med grannekommunane Granvin og Eidfjord kan bidra til ei fagleg styrking, og til eit auka samkvem mellom born og unge i dei tre kommunane

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Nærare omtale av rammeendringane spesifisert i B i tabelloppstillinga.

- 1) Redusert lærartimetal/stillingar. (Må takast frå 1/8, ikkje 1/1) Det er ikkje til å unngå at når innsparinga skal vera på kr 815.000, så må det gå ut over stillingar og undervisningstimetal. Frå hausten 2017 vil det bety ein reduksjon på inntil 1 stilling. Spesialundervisninga er skjerma gjennom opplæringslova. Reduksjonen vil føra til at to årssteg må gå saman i fleire fag/timar. Det er hausten 2017 mogeleg i 9.+10.klasse, og 5.+6.klasse. (Det vert viktigare å skjerma 1.klasse frå samanslåing enn 10.klasse.)
- 2) Redusert lærartimetal flyktingar/velkomstklasse. Her har me redusert alt hausten 2016 frå 0,5 til 1 lærarstilling. Det er uvisst om me får nye framandspråklege elevar i løpet av året, men også desse har ein lovheimla rett til særskild opplæring til dei er gode nok i norsk til å gå inn i ordinær opplæring. Me legg opp til å kunne redusera med inntil 0,5 stilling frå hausten 2017.
- 3) Redusert assistenttimetal. Telemarksforsking sa at me har for få elevar pr assistent hjå oss, men dei tok ikkje høgde for at assistentane i all hovudsak er knytt til elevar med særskilde utfordringar og behov – og at assistentane ikkje har generelle «hjelp oppgåver» for ein klasse, for å avlasta lærar. Å redusera med ca 0,5 stilling vil kunne bety inndraging av ledige stillingar. Elevar med særskilde utfordringar vil kunne bli ramma.
- 4) Stengt kantine. Det må leggjast opp til ei ryddig avvikling av kantina. Det betyr at me må gjennomføra avviklinga frå 1/8. (Fast tilsett personale må få andre oppgåver i kommunen eller dekkja behov som evt oppstår i samband med nye elevar, eller at våre noverande elevar ut frå pågåande kartlegging har rett til meir og tettare oppfølging.) Driftsutgifter til matvarer vert frå 1/8-2017 redusert med ca 40.000,- og personalutgifter med ca 0,3 stilling.
- 5) Reduserte ekskursjonar. Her er innsparinga knytt til at me kuttar det eine leirskuleopphaldet på Finse (vinteropphaldet i 9.klasse, som kostar skulen ca 40.000 i lønsutgifter og 10.000 i reiser og opphaldsutgifter), og kuttar i ekskursjonar i mellomsteget (Eidfjord, Voss, Bergen) (10.000) , slalåmdagen i ungdomssteget (10.000), Tinstafetten (10.000) og skiskuledagane på Drevtjørn for mellomsteget (10.000)
- 6) Redusert køyregodtgjering kulturskule. For lærarar tilsette i Ulvik kulturskule vil ein ha som hovudregel at dei sjølve er ansvarlege for å møta på arbeidsplassen sin i Ulvik. Dersom dei vert «selde» i ein del av stillingen sin til ein grannekommune, vil dei måtta betala køyregodtgjering for denne tenesta, slik Ulvik må betala når me leiger inn lærarar som er tilsette i ein annan kommune. Slik me har det no, er det inngått særskild avtale om køyregodtgjering også for nokre lærarar som er tilsette i Ulvik kulturskule. (Det er ein viss fare for at denne innsparinga kan føra med seg at tilsette ikkje vil jobba så langt «heimefrå» og seier opp.)
- 7) Kutt i diverse driftspostar. «Ostehøvelen» må nyttast på mange driftspostar for å få budsjettet i balanse. Dette er innsparingar som på lengre sikt vil gå ut over lærebøker, inventar, utstyr, ikt-drift, programvare m.v., men på kort sikt kan gjennomførast fordi vi pr i dag har godt utstyr.

4 Målsetjingar og strategiar

Målsetjingane for eininga er m.a.:

- Elevane i Ulvik herad skal ha sluttresultat/grunnskulepoeng på line med elevane i dei andre kommunane i Hardanger.
- Elevar frå Ulvik herad skal ha med seg kunnskapar, motivasjon og haldningar til læringsarbeid som gjer at dei gjennomfører vidaregåande skule på 3 år.
- På nasjonale prøver i 5.-8.-9.klasse skal ingen av elevane i Ulvik ha resultat i lågaste mestringsområde.
- I elevundersøkinga skal omfanget av elevar (7. og 10.klasse vert spurt) som varslar mobbing reduserast ned mot null innan tre år.
- I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik melda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemmelse, forståeleg og støttande vurdering for læring.
- Alle tilsette skal ha godkjent og relevant utdanning.
- Skulen skal ha tilstrekkeleg fagkompetanse i alle fag og på alle steg.
- Alle nyttilsette skal ha oppgåver og ansvar i samsvar med utdanninga si.
- Dei føresette skal auka engasjementet sitt for borna sitt samla oppveksttilbod.
- SFO skal gje eit godt tilpassa tilbod som møter det behovet som må dekkast
- Kulturskulen skal gje eit allsidig tilbod, ingen skal på venteliste.
- Vaksenopplæringa skal utviklast i samsvar med nye behov knytt til lovfesta rettar.
- Pensjonistar og elevar skal ha felles møteplassar.
- Kantinetilbodet kan drivast vidare, basert på dugnad og foreldrebetaling.

Strategiar for å nå måla: (Dette gjeld både skule, SFO og kulturskule)

- Me må stå på prinsippet om tidleg innsats og tilpassa opplæring for alle.
- Me må innretta ressursbruken slik at dei yngste får innarbeidd gode læringsstrategiar og arbeidsvanar. Dette er avgjerande for god og effektiv læring, meistringskjensle, høg kvalitet på lesing, skriving, rekning og digitale ferdigheiter.
- Me må nytta det lokale spelerommet som læreplanen gjev høve til, og arbeida med ei viss profilering og satsing på meir lokalbasert utviklingsretta arbeid.
- Me må ha eit etter- og vidareutdanningstilbod som sikrar fagleg kvalitet.
- Me må ha eit breiare samarbeid med dei føresette for å skapa betre grunnlag for trivsel, motivasjon og læringsarbeidet.
- Me må utvikla samarbeidet med grannekommunane uavhengig av kommunesamanslåingsprosessar.
- Heradet må sikra høve til busetjing for nyttilsette.
- Heradet må stimulera til kreativ bruk av den nye fleirbrukshallen og sikra større variasjon i fritidstilbodet, særleg til dei unge som fell utanfor dei tradisjonelle konkurranseaktivitetane. Trivsel og gode aktivitetar på fritid er viktig også for læringsmiljøet på skulen.

- Heradet veit at stadig fleire born og unge slit psykisk. Ein må vurderer å knyta til seg personale med kunnskap om barne- og ungdomspsykiatri – gjerne i samarbeid med grannekommunane, for å kunne tilby rask hjelp til dei som slit.
- Heradet må utvikla tilbod som i større grad gjev felles arena for born, unge og eldre. Mykje kunnskap og verdiar går tapt når born og unge ikkje lenger kjenner nokon som er gamle. Dei oppegåande eldre må melda seg til teneste i skule og barne

3.5. Helse- og sosial

	2016	2017	2018	2019	2020
(A) «Basis» (=opprinneleg vedteke budsjett 2016)	11 959	12 083	12 083	12 083	12 083
Stilling Hard Barnevern – auka ramme		100	100	100	100
(C) Andre rammeendringar (=konsekvensjusteringar frå budsjettendringar hittil i år, andre tilhøve, sparekatalogen)			-1 264	-1 716	-1 716
		2017	2018	2019	2020
1)Samanslåing PLOMS og HS			-500	-500	-500
2)Red. kurativ legeteneste			-528	-528	-528
3)Flytting/samanslåing dagtilbod/Vaskeriet/Nr.10			-236	-236	-236
4)Reduksjon fysioterapi til 1 driftstilskot				-452	-452
5)					
6)					
7)					
8)					
..					
..					
..					
..					
Sum endringar og tilpassingar, utanom kompensasjon for lønsoverhenget frå 2016, samanlikna med ramma i opprinneleg årsbudsjett for inneverande år		0	-1 264	-1 716	-1 716

1 Verksemda

Eininga administrerer på vegne av heradstyret innbyggjarane og den som til ei kva tid oppheld seg i heradet sine rettar m.o.t. helse- og omsorgstenester – kurative og akutte.

I tillegg har ein ansvar for miljøretta helsevern, folkehelse og førebyggjande helsetiltak herunder helsestasjon, skulehelseteneste og barselsomsorg, helseberedskap og legevaktordning, fysioterapi, habilitering/rehabilitering og psykisk helsevern.

Ein har i tillegg ansvar for bustøtteordninga, ymse støtte- og avlastningsordningar og saker etter serverings- og alkohollova. I nokre høve er dette ansvar/oppgåver kor PLOMS og har eit ansvar. Lista over er ikkje uttømmande.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheitar

Utfordringar:

- Jf. sparekatalog skal utgifter på ansvar 240 reduserast med kr 500 000 i 2017. Innsparingane skal hovudsak skje ved omorganisering og fordeling av oppgåver til andre. Sjølve prosessen med omorganisering er ikkje starta opp og verknadene av omorganiseringa vil ikkje koma til uttrykk som reduserte utgifter før i 2018. Sparetiltaket vert utsett til 2018.
- Styret for Hardanger barnevern har vedteke ein bemanningsauke i 2017. Kostnadene er fordelt etter vedteken fordelingsnøkkel. Del Ulvik: kr 101 000.
Ansvar 240 og teneste 2440 har i 2017 fått auka ramma si tilsvarande.
- Jf. avtale om legesamarbeid (Eidfjord, Granvin, Ulvik) har kommuneoverlege i Ulvik arbeidd 50% stilling i Eidfjord/Granvin i 2016. Ulvik har fakturert kommunane for 50% stilling – til saman kr 696 000. Eidfjord/Granvin har redusert sitt samla engasjement av kommuneoverlege frå 50% til 20% frå 01.01.17. Inntektene vert med dette redusert til kr 298 000. – dvs ei mindreinntekt på Kr 398 000 i høve 2016 som må dekkjast inn i ramma.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Utgifter som i realiteten er lønsutgifter er føregåande år utgiftsført som andre driftsutgifter (kjøp av tenester frå private, andre kommunar, staten) – t.d. teneste 2411, 2412, 2422, 2423, 2440 og 2533. Det er i dei årlege budsjetta ikkje kompensert for lønsvekst for desse utgiftene sidan dei ikkje er utgiftsført som løn. Med dei innsparingar som er gjort i framlegg til budsjett 2017, vil ein langt å veg dekke inn dette gapet.

For å dekke inn ekstra utgifter/tap av inntekter har ein i tillegg til generelle innsparingar gjort følgjande innsparingar/»større grep»:

Kostnadskutt/innsparingar i framlegg til budsjett 2017:

Tiltak	Sum	Teneste
Ledig legeheimel – 75%	Kr 918 000	1410
Sal av barselsoms.tenester	Kr 70 000	2320
Div. stillingar	Kr 167 000	2546, 2547
	Til saman kr 1 155 000	

- Reduksjon i stillingsheimen einingsleiar helse og sosial til 30% på årsbasis. 30% vert oppretthalde. Kor realistisk er det å skulle fordele oppgåvene etter stillingsreduksjonar når alle skal gjere dette samstundes?
- P.t. ledig legeheimel 100%. Stillinga vert helde vakant i 9 månader til situasjonen med legedekking/organisering av legetenesta er meir avklåra. 3 mnd/25% stilling vert sett av til vikar/ferieavvikling.
- Avtale med Eidfjord om sal av barselsomsorgstenester – inntekt kr 70 000.
- Div, innsparingar – teneste 2546 og 2547 – svarande til 0,2 stilling.

Regjeringa vil halda fram med å styrkje helsestasjons- og skulehelsetenesta og jordmortenesta. Gjennom rammetilskotet er det i 2017 sett av kr 144 000. Tilsvarende tal for 2016: kr 129 000. Desse styrkingsmidlane er ikkje tilført ansvar 240.

Elles merkar ein seg følgjande innsparingar i detaljbudsjett:

Tilskot etter søknad frå Ungdomsråd og tilskot til trivselstiltak på dagaktivitetstilbod. Dette inneber at dersom aktivitet/tiltak skal oppretthaldast på same nivå så må dette skje ved auka eigendelar, betalingsattsar eller ved gåver/tilskot.

4 Målsetjingar og strategiar.

Rammene i budsjettet og inndekking av eit meirforbruk som ein tek med seg og som ikkje kan forventast å verte lågare tillet ikkje nye tiltak eller auka satsing på eksisterande tiltak.

Samstundes veit vi at kommunane heile tida vert pålagde nye oppgåver – frå 01.01.17 ansvar for ØH-tilbod til psykisk sjuke og rusavhengige. I tillegg kjem typiske systemiske oppgåver som rapportering og kvalitetssikring.

Hovudsatsingsområde i 2017 vil være å

- Tilpasse drifta til dei ressursane som er stilt til rådvelde og
- Å omorganisere/slå saman PLOMS og HS. Det vert stilt store krav til prosessen og det er uråd å konkludere på førehand kor store innsparingar ei omorganisering vil føre til. Ein kan likevel tenkje seg noko mindre lønsutgifter og utgifter til tenesteproduksjon gjennom ei betre samordning enn i dag.

Elles vil ein kunne få til nye tiltak og organisasjons- og kunnskapsutvikling gjennom i større grad/verta flinkare til å nytta seg av tilskotsordningar gjennom stat, F.mann og f.kommune.

Det vert i spareplan peika på innsparingar gjennom interkommunalt samarbeid. Dette kan verta vanskeleg å få til i ei tid då det er uvisse m.o.t. kva som vert dei framtidige kommunegrensar og kva «veg samarbeidet skal gå»

3.6 Pleie- og omsorg

	2016	2017	2018	2019	2020
(A) «Basis» (=opprinneleg vedteke budsjett 2016)	23.049 '	22.986 '	22.986 '	22.986 '	22.986 '
(B) «Basis» kompensert med lønsvekst frå 2016 (=overheng)					
(C) Andre rammeendringar (=konsekvensjusteringar frå budsjettendringar hittil i år, andre tilhøve, sparekatalogen)		-646'	- 1.272'	- 1.479'	- 1.479'
		2017	2018	2019	2020
1)Inndra stillingsressurs institusjonskjøkken 20%		-102'			
2)Eigenbetaling Arbeidsstova		-54'			
3)Inndra stillingsressurs sjåfør- og heimehjelp 90%		-430'			
4)Auke i betalingstenester ut over generell prisindeks		-60'			
5)Inndra stillingsressurs institusjon 50%			-256'		
6)Inndra stillingsressurs institusjonskjøkken 60%			-370'		
7)Inndra personellressurs 40%-dagtilbod for demente				-207'	
..					
Sum endringar og tilpassingar, utanom kompensasjon for lønsoverhendet frå 2016, samanlikna med ramma i opprinneleg årsbudsjett for inneverande år		-646'	-626'	-207'	0

1 Verksemda

Alle omsorgstenester er lovpålagte tenester forutan dagsenteret Arbeidsstova. Institusjon har frå 2016 gått ned til 18 sengeplassar mot tidlegare 21. Tenestene har eigne driftsbudsjett: Institusjonsomsorg, heimesjukepleie, heimehjelp, institusjonskjøkken, dagsenter Arbeidsstova, dagavdeling for personar med demens og ergoterapi. Alle må søkja om tenester og det skal fattast vedtak for alle tenester. Auke i talet søknader som skal handsamast internt. Alle tenester er knytt til helse og omsorgslova der nødvendig helsehjelp ligg til grunn for all tenesteproduksjon både i heim og institusjon. Fylkesmannen er tilsynsmyndigheit. Oppgåvene er mange og stell og pleie av pasientar/praktisk bistand med medisinsk oppfølging og observasjon, oppfølging med ernæring, rehabilitering, smertebehandling og omsorg i livets slutfase er sentrale oppgåver i både institusjon og i heimetenester. Demensomsorg står sentralt med lovfesta

rett til dagtilbod for heimebuande personar med diagnosen demens. Bebuarar i institusjon har eit rettskrav på tilrettelagt aktivitetstilbod, men som me ikkje har tilbod om i dag. Store utfordringar knytt til pasientar med demensdiagnose med tilleggsproblematikk. Auka krav til dokumentasjon som tek stadig større del av det kliniske arbeidet. Elektronisk meldingsutveksling, som del av Samhandlingsreforma, krev stor innsats på det datatekniske feltet som IT-avd i heradet ikkje er involvert i og ploms må sjølve setja av eigen ressurs til. Inntaksnemnda handsamar søknader til institusjonsopphald og dagtilbod for personar med demens. Andre søknader vert handsama av tverrfagleg gruppe. Pleie og omsorgsleiar «fører i penn» alle søknader til ploms med vedtaksutforming. Tverrfagleg samarbeid ligg til grunn for all teneste-produksjon for å yta best mogeleg tenester ut i frå behovet den enkelte søkjar har. Heimetenester som heimehjelp og ergoterapi er viktige deltenester for å avhjelpa slik at den enkelte skal kunne klara seg heima lengst mogeleg og med det utsetja behovet for hjelp på høgare omsorgsnivå, som t.d. institusjonsplass.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheitar

Telemarkforskning har i sin rapport konkludert med innsparingstiltak for pleie og omsorgsavdelinga med 3,1mill.kr. Innsparingstiltaka er retningsgivande. Pleie og omsorg i Ulvik ligg under i drift til samanlikning med andre kommunar, jf Kostratal (sjå pkt 4).

Ploms har no store utfordringar knytt til heile drifta. Det også vart ved budsjett for 2016 lagt opp til reduksjon innafor fleire deltenester: redusert sengetal i institusjon med påfylgjande reduksjon i bemanning, redusert drift ved kjøkkenet og reduksjon i heimehjelpressurs.

Ploms har store utfordringar med redusert tal senger og redusert bemanning. Pasienttalet held seg på nivå som om me framleis har 21 sengeplassar. Redusert sengetal er heller ikkje einsbetydande med redusert behov for personell og kompetanse. Årsak: Stadig sjukare pasientgrupper med komplekse og fleire diagnosar som skal behandlast vidare i kommunal institusjon/heim, inkl. ressurskrevjande pasientar som krev store ressursar og rett kompetanse gjennom døgnet. Resultat: Stadig meir krevjande pasientgrupper

Sjukeheimsavdelinga har frå vårparten og fram til i dag hatt overbelegg. Ved inngang til sommarferie hadde me 4 pasientar i overbelegg. Personalet går på tvers av avdelingar for å nytta rett kompetanse på rett stad og dekkja opp ved feriar/fråvær, men som igjen gir auka arbeidsmengd med mykje logistikk. Samhandlingsreforma: Krav om auka kompetanse til dei mange pasientgruppene me skal ta hand om. Utfordring å ta i mot utskrivingsklare pasientar når ein allereie har overbelegg. Resultat: Vanskar med å ta i mot utskrivingsklare pasientar framover viss pasienttalet held seg stabilt. Avd. vil ikkje greia å dekkja inn meirkostnadar ved ev ikkje å kunne ta i mot utskrivingsklare pasientar med kr 4000,-/døgn. Held dette fram må det vurderast å auka opp att sengeplassar med påfylgjande auka bemanning gjennom døgnet. Noko høgare sjukefråvær for

inneverande år enn målsetjinga tilseier. 3. kvartal-16 = 9% sjukefråvær. Me har personnell i vidare- utdanning i tillegg til generell kompetanseheving gjennom kursing. Det er viktig og heilt avgjerande å vedlikehalda og fornya kompetanse for både å vera attraktive på arbeidsmarknaden og å oppretthalda eit godt fagmiljø. Berre slik vil ein kunne handtera alle pasientgrupper som treng omsorgstenester anten i heim eller institusjon i framtida. Auka bruk av vikarbyrå gjennom 2016 for å ta høgde for høgare sjukefråvær og overbelegg i institusjon.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Strengt krav til innsparing gjer budsjettarbeidet særst vanskeleg.

Økonomiplanperioden legg opp til ytterlegare innsparingar som då når eit punkt som vanskeleg kan forsvarast når det gjeld krav til fagleg innhald i tenestene.

Sporetiltak i 2017:

1) Redusera 20% stilling ved kjøkkenet :

Auka arbeidsmengd knytt til diett/ønskekost for pasientar med dårleg matlyst grunna resusert allmentilstand. Meirarbeid ved færre på jobb. Auka bruk av halvfabrikat, redusert tid til planlegging av måltid/menyoppsett og økonomien i varebestilling.

2) Eigenbetaling for deltaking ved dagsentertilbodet Arbeidsstova :

Sterkt politisk signal om å vidareføra tiltaket. For å greia det ser ein for seg eigenbetaling med kr 50,- pr person pr gong. Arbeidsstova er ein sjølvstendig organisasjon registrert i Brønnøysundregisteret med god økonomi og med det som grunn ser adm. for seg at Arbeidsstova er med og betaler ein årleg sum på kr 10.000,- for å dekkja inn noko av lønsutgiftene. Eit spleiselag som gjer at tiltaket kan vidareførast i ei vanskeleg tid med krav om innsparing

3) Redusera 90% stilling i heimehjelpstenesta (sjåfør 50% og heimehjelp 40%) :

Ingenting ekstra å gå på i høve nye søknader. Endå strengare tildelingskriterie for å kunne innvilga hjelp frå 2. kvar veke til kvar 3.-4. veke. Tilsynsmyndigheit avgjer klagesaker. Redusert økonomi ikkje gir grunnlag for å avslå ein søknad. Heimehjelp er godt førebyggjande tiltak som er med på å utsetja behovet for og redusera presset på andre omsorgstenester. Med kvardagsrehabilitering i fokus og der heimehjelpar også er svært sentrale medspelarar vil me ha større vanskar med rehabilitering i heimen = auka press på institusjon ev andre deltenester/helsetenester.

Sørvismedarbeidartenesta vert no ivareteke av teknisk og fungerer svært bra. Heradet har krav på seg å utføra sørvisoppdrag til ulike typar hjelpemidlar med krav om kompetanse som ploms ikkje har. Transport av brukarar til dagavd. for personar med demens vert ivareteke av personalet. Gir noko redusert opphaldstid pr dag. Ikkje optimal løysing, men til å leva med.

4)Auke i betalingstenester i 2017 som ikkje er regulert i Forskrift :

Framlegg om auke ut over generell indeksregulering for at inntektene skal utgjera ein viss skilnad og kunne påverka budsjettet jf strenge krav til innsparing.

*Utkøyring av middag m/dessert eller suppe til kr 100,- (33% auke),

*Tryggleiksalarm til kr 350,-/mnd (36%auke),

*Utkøyring av brødmatt/Suppe til kr 50,-/porsjon (67% auke),

*Heimehjelpsatsar vert auka med 10% på timepris og 10% auke av maks-satsar / mnd. Ressursbruken er den same ved utkøyring av mat og kontroll /vedlikehald av alarmer. Satsane er høge og mykje høgare enn det som vert sett på som vanleg pris på denne type tenester pr i dag og vil etter ein slik prisauke liggja svært mykje høgare enn andre kommunar i heile Norge. Det er ein balansegang mellom å prisa tenestene for høgt og slik risikera færre brukarar som igjen vil gi reduserte inntekter. Tenestene er av førebyggjande karakter og vil kunne påverka og gi auka press på andre helse- og omsorgstenester. Prisauken kan leggjast til vanleg prisindeksregulering, men vil då også gi reduserte inntekter som då må dekkast inn på andre måtar.

Sparetiltak i 2018:

5)Redusera 50% stillingsressurs ved sjukeheimen :

Med det pasientbelegget og press på institusjonsplassar vil det vera uforsvarleg å redusera i bemanning utan å redusera i tal sengeplassar på nytt. Framlegg til innsparing må difor vurderast på nytt.

6)Redusera 60% stilling ved kjøkkenet :

Nedbemanning i avdelinga samstundes som ein må redusera i bemanning ved kjøkkenavdelinga vil gi så store utfordringar knytt til matlaging og tid til å hjelpe pasientar som ikkje greier å eta sjølve / har behov for tilsyn i matsituasjon for å få i seg mat er ikkje gjennomførbart . Dette vil ikkje gå i hop og må takast opp att til ny drøfting ved neste års budsjett. Ingen naturleg avgang ved kjøkkenet og er difor eit usikkert sparetiltak i 2018.

Sparetiltak i 2019:

7)Trekkja inn 40% stilling ved dagavdeling for personar med demens :

Ved å slå saman pleie og omsorg og helse og sosial vil ein kunne gjennomføra omrokking av personell. Samanslåing av avdelingane fører med seg overføring av andre tenester til pleie og omsorg, som Omsorgsløn og BPA(brukarstyrt personleg assistent). Dette er tenester som er alternative tenester til pleie og omsorg. Lite å spara på denne omorganiseringa, men ressursane kan sjåast i samanheng og difor ikkje ført opp med innsparingspotensiale. Tilleggsoppgåver til pleie og omsorg betyr meirarbeid ved at fleire oppgåver skal løysast/handterast. Det ligg ikkje inne ekstraressurs ved ei slik samanslåing/omorganisering, men viktig føresetnad om omorganiseringa skal lukkast. Pr i dag ikkje kapasitet til å innlemma fleire tilsette med arbeidsstasjonar/kontor ved noverande omsorgsbasis. Personale og brukarar ved dagtilbodet Vaskeriet må omstilla seg til både det å høyra til anna avdeling og mentalt førebu seg på å vidareføra dagtilbodet i lokale ved sjukeheimen.

4 Målsetjingar og strategiar

Hovedmålet for tenestene i avd. pleie og omsorg er å kunne oppretthalda og vidareutvikla tenesteproduksjon slik helse og omsorgsplan i Ulvik (vedteken 2013) legg opp til. Samhandlingsreforma er den største kommunereforma i Norge nokon gong og vil måtta få innverknad på tenesteproduksjon og korleis ein vel å løysa utfordringane lokalt. Ploms har løyst utfordringane fram til no gjennom tildelte rammer for å oppfylla lovkrav til omsorgstenestene. Stadig nye krav om innsparingar som no betyr ei reell nedbygging av tenestene gjer at ein ikkje lenger greier å koma i mål. Beredskap og kompetanse kostar slik som t.d. ny interkommunal legevaktsordning. Det er då svært frustrerande å skulle byggja ned tenestene når ein får tilført stadig nye oppgåver gjennom nye lovkrav.

Målsetjinga må vera at Ulvik også i framtida skal kunne yta gode tenester og greia handtera Samhandlingsreforma slik inngåtte avtalar

Kostratal for pleie og omsorgstenester 2015 viser at Ulvik ligg lågare i driftsutgifter når samanliknar med andre kommunar.

	Ulvik	Jondal	Granvin	Kostragr. 06
Netto driftsutgifter PLOMS i % av kommunens tot netto driftsutgifter	28,20 %	29,30 %	30,80 %	34,20 %
Korr. brutto driftsutgifter pr mottak av komm omsorgstenester	373`	483`	477`	402`
Korr brutto driftsutg, institusjon pr.komm plass	923`	1009`	1041`	1062`

Skal innsparingstiltaka i økonomiplanperioden gjennomførast krev dette drøftingar om kva tenester Ulvik skal ha lokalt og kva ein ev må samarbeida med andre kommunar om i framtida for å oppfylla lovkrav og stadig nye oppgåver. Dette gjeld både omfang og innhald i tenestene. Viktige spørsmål vert også korleis framleis vera attraktive på jobbmarknaden og greia rekruttera og halda på fagkompetanse. Å oppretthalda eit aktivt og breitt fagmiljø står sentralt her. Det må skje gjennom utlysing av ledige stillingar – ikkje nedbemanning.

3.7 NAV

	2016	2017	2018	2019	2020
(A) «Basis» (=opprinneleg vedteke budsjett 2016)	2.447	3.040	3.040	3.040	3.040
(B) «Basis» kompensert med lønsvekst frå 2016 (=overheng)					
(C) Andre rammeendringar (=konsekvensjusteringar frå budsjettendringar hittil i år, andre tilhøve, sparekatalogen)					
(D) Dette budsjettframlegget		3.040	3.040	3.040	3.040
		2017	2018	2019	2020
1)					
2)					
3)					
4)					
5)					
6)					
7)					
8)					
..					
..					
..					
..					
Sum endringar og tilpassingar, utanom kompensasjon for lønsoverhenget frå 2016, samanlikna med ramma i opprinneleg årsbudsjett for inneverande år					

Under dette innleiande tabellsamandraget, er disposisjonen slik:

1 Verksemda

På kommunal side, så ligg det under NAV Ulvik oppgåver blant anna innan: økonomisk råd og rettleiing, gjeldsarbeid, økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og arbeid med flyktningar.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheitar

Utfordring for NAV Ulvik budsjettmessig, er at det er vanskeleg å vita på førehand kor mange som kjem til å søkja om økonomisk stønad, og størrelsen på den økonomiske stønaden.

Det at NAV er samansett av både kommunale og statlege tenester, gir NAV Ulvik moglegheit til oversikt over alle statlege ordningar som dei som mottar økonomisk sosialstønad, kan nytta seg av.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Ulvik herad har fått fleire personar som deltar i introduksjonsprogrammet, justering for pris- og lønsvekst og overføring til driftsbudsjettet grunna auka utgifter til sosialstønad.

4 Målsetjingar og strategiar

NAV Ulvik har som mål å gjera flest mogleg økonomisk sjølvhjelpne. Enten ved at de kjem ut i jobb (heilt eller delvis), eller nyttar seg av dei statlege økonomiske ordningane dei har krav på. Resultat av slikt arbeid vil kunne visa seg i reduksjon i utgifter til økonomisk sosialhjelp.

3.8 Teknisk drift og anlegg

	2016	2017	2018	2019	2020
(A) «Basis» (=opprinneleg vedteke budsjett 2016)	14 455	13 874	13 874	13 874	13 874
(B) «Basis» kompensert med lønsvekst frå 2016 (=overheng)					
(C) Andre rammeendringar (=konsekvensjusteringar frå budsjettendringar hittil i år, andre tilhøve, sparekatalogen)		850	1 403	1 806	2 785
		2017	2018	2019	2020
1) Auke i gebyrsatsar – byggesak og plan		-50	-58	-72	-84
2) Nedklassifisering av kommunale vegar -			-200	-30	-135
3) Mogleg alderspensjon					-700
4) Alderspensjon – drift		-250	-250		
5) Reduksjon reinhald		-250		-250	
6) Redusere driftsutgifter – bygg		-300	-45	-51	-60
7)					
8)					
..					
..					
..					
..					
Sum endringar og tilpassingar, utanom kompensasjon for lønsoverhenget frå 2016, samanlikna med ramma i opprinneleg årsbudsjett for inneverande år		850	- 1 403	- 1 806	- 2 785

Under dette innleiande tabellsamandraget, er disposisjonen slik:

1 Verksemda

Forvaltning av kommunal eigedom og kommunale bygg

Forvaltning av kommunale vegar

Handsaming av bygg- og plansakar

Forvaltning og drift av vass- og avløpsnett.

Jordbrukskontor

Skogbrukskontor/viltnemnd

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheitar

Gebyrsatsar:

Heradet har tidlegare hatt låge gebyrsatsar, og kanskje spesielt på bygg- og plangebyr. Grunnen til dette har vore eit ønskje om å leggja best mogleg til rette for nybygging og tilflytting til bygda. Med ein auke på gebyrsatsane på 20 %, ligg Ulvik framleis forholdsvis lågt samanlikna med kommunar me kan samanlikne oss med.

Kommunale vegar:

Heradsstyret har gjort vedtak om nedklassifisering av enkelte vegstubber som tidlegare har vore rekna som ein del av det kommunale vegnettet. Vedtaket er gjort for å redusere dei framtidige vedlikehaldsutgiftene på desse vegane. Administrasjonen vil i øk.planperioden komme med nye framlegg til vegar som kan/bør nedklassifiserast, for på den måten redusere framtidige vedlikehaldsutgifter ytterlegare.

Personale:

Det vert i rapporten frå Telemarksforskning lagt opp til ein reduksjon av stillingsheimel innan reinhald. Reduksjonen i denne tenesta vert gjort gradvis, og i form av naturleg avgang/alderspensjon. Det blir og naturleg avgang/alderspensjon på driftseininga i løpet av 2017, og mogleg alderspensjon i teknisk administrasjon i slutten av økonomiplanperioden.

Kommunal eigedom og bygg:

Eininga har eit stort etterslep på vedlikehaldsida på kommunale bygg. Eininga har derfor føreslått å redusere eigedomsmassen gjennom sal og avhending av kommunale bygg. Allereie i 2017 vil eininga prøve å redusere utgiftene til drift og vedlikehald gjennom sal av bygg.

Når det gjeld uteområda/grøntanlegga er det ikkje tatt høgde for anna enn vedlikehald av dei områda ein har i dag. Det vert gradvis reduksjon av nyplanting, og utplanting til våren.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Det vert lagt opp til ein årvis auke i gebyrinntektene i åra framover. For bygg og plan vil det sei ca. 45 000-50 000 i 2017, og 20 % pr. år vidare framover.

Under posten «nedklassifisering av kommunale vegar», er det først og fremst innsparingar på vintervedlikehald som gjer utslaget. Det vil bli ein god innsparing for dei vegane me allereie har nedklassifisert, men me vil og komme med nye framlegg til vegar som kan/bør nedklassifiserast og overleverast til grunneigar/-ar. Dei økonomiske verknadane av dette vil ikkje gjere seg gjeldande før i 2018.

På personalsida ligg det opp til at ein av reinhaldarane går av med alderspensjon i 2017. Det same gjeld ein av medarbeidarane i utedrift. Desse går av på ulike tidspunkt i løpet av 2017, og dette medfører ein reduksjon i lønsutgiftane på om lag 500 000.-

Når det gjeld avhending av kommunal eigedom, er dette ein prosess som vil gå over tid. Det vert lagt opp til å selje eit bustadhus i 2017 – Prestagarden 3 (Doktorbustaden). Dette er eit bygg som krev ein del kostbart vedlikehald. Elles vil det generelt bli ytterlegare reduksjon i vedlikehald av kommunale bygg. Det er lagt opp til ein reduksjon på ca. 300 000.- i 2017, og ein 20% reduksjon i dei kommande åra.

4 Målsetjingar og strategiar

Målsetjingane for teknisk eining er å;

- Levere gode tenester innanfor dei rāmene som til einkvar tid ligg føre
- Ha ein sakshandsamingstid som ligg godt innanfor alle fristar
- Ha eit godt arbeidsmiljø med kort veg til beslutningane
- Ha ein så god kompetanseutvikling som mogleg i eininga

For å nå desse målsetjingane skal me;

- Gjere gode prioriteringar av ressursbruken i sakshandsaming og tenesteyting
- Ha ein god dialog med innbyggjarane i saker som krev handsaming over tid
- Ha gode rutinar for utveksling av informasjon på tvers av dei ulike tenestene.
- Leggja til rette for vidareutdanning og deltaking på kurs og seminar

4.Økonomiplan 2017-2020 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

4.1 Inntekter i planperioden

Tabell 3	2016 BUD	2017	2018	2019	2020
Konsesjons/ erstatningskraft	-2 455 975	-3 990 722	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000
Skatt på inntekt og formue	-34 843 000	-35 287 000	-35 287 000	-35 287 000	-35 287 000
Eigedomsskatt	-9 180 888	-7 623 449	-7 200 000	-7 000 000	-7 000 000
Statlig rammetilskudd	-47 339 000	-51 792 000	-52 029 000	-52 111 000	-52 154 000
Komp invest. Kostnader	-410 000	-410 000	-410 000	-410 000	-410 000
Renter/ utbytte og lån					
- renteutgifter	898 114	841 394	935 297	1 587 559	2 035 086
- avdrag på lån	3 223 231	2 947 021	3 407 382	4 869 978	6 294 488
- avsetning til fond					
- innt. Varområde	-850 000	-980 000	-1 150 000	-1 250 000	-1 350 000
- renteinntekter	-700 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
- utbytte	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000
- avdrag på lån	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Interne finanstrans.					
- avsetning til fond	80 600	1 490 722			
- overføring til inv. Rekneskapen	508 662	4 772 784	6 298 065	4 139 807	3 107 370
- lønnsreguleringsfond	1 400 000	1 200 000	1 400 000	1 200 000	1 400 000
Inntekt introduksjonsordninga	-3 294 000	-4 540 800	-3 183 800	-1 407 400	-700 000
Samhandlingsreforma					
- avsette midlar	0	0	0	0	0
SUM	-94 159 256	-94 869 050	-91 216 056	-89 665 056	-88 061 056
	2016 BUD	2017	2018	2019	2020
Drift	94 159 256	94 869 050	91 216 056	89 665 056	88 061 056
Basis inntekter/ utg i perioden	-94 159 256	-94 869 050	-91 216 056	-89 665 056	-88 061 056
SUM	0	0	0	0	0

Statsbudsjettet legg rammene for størrelsen i skatteinntekter og rammetilskot i åra som kjem. Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2016 og 2017 med 2,3%. Ulvik herad sine skatteinntekter består av 2 komponentar, naturressursskatt og personinntektsskatt. Naturressursskatt er ein flat skatt som som vert rekna ut etter gjennomsnittet av produserte KWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er derfor upåvverka av andre forhold. Nominell personsinntektsskatt vert regulert løpande i takt med inntektsutviklinga i landet. Det er også påverka av kva skatteøre som vert lagt til kommunane, i 2017 som i 2016 er det kommunale skatteøret på 11,8%.

Veksten i skatteinntektene for heradet må reknast å verta noko mindre enn landet elles som følgje av at naturressursskatten er ein flat skatt, skatteinntektene for 2017 er budsjettert med kr 35 287 000.

Rammetilskotet til heradet er påverka av 2 ting, både småkommunetilskotet og innteksteutjamninga. Ulvik herad er ein liten kommune med færre innbyggjarar

enn 3200 og har eit skattenivå under 120% av landsgjennomsnittet. Dette er kriteriar som gjer at heradet får småkommunetilskotet på kr 5 543 000. På den andre sida så skal inntektsutgjammninga utjamne skilnadane mellom kommunane sine skatteinntekter. Ulvik herad vert trekt for 60% i rammetilskotet av skatteinntektene som er høgare enn gjennomsnittet i landet. Rammetilskotet for 2017 er budsjettert til kr 51 792 000.

Ulvik herad har eigdomskatt på verk og bruk, i motsetning til personinntektsskatten og naturressursskatten så har den ingen påverknad på rammeoverføringane. Her ser me utviklinga for eigedomsskatten sidan 2009.

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
7 000 000	7 300 000	7 500 000	8 700 000	9 850 000	10 300 000	10 529 487	9 180 888	7 623 449

Heradet har ein nedgang i eigedomsskatteinntektene frå 2016 til 2017 på over kr 1 500 000, som følgje av mellom anna låge kraftprisar er skatteanlegga komne under den såkalla maksimumsverdien. Det er då gjennomsnittet av formuesverdien dei siste 5 åra som vert nytta som eigedomsskattegrunnlag.

I planperioden er det ikkje lagt inn like stor nedgang som for åra 2016 og 2017, men det er tatt høgde for at eigedomsskatten skal ned på same nivå som i 2009. Det er uansett knytt stor usikkerheit til dette.


Ulvik herad har både konsesjonskraft og erstatningskraft å selja. For 2017 hadde heradet 5 gWh ertatningskraft og ca 26 gWh konsesjonskraft for sal. Heradet selde kraft si i byrjinga av oktober for 24,838 øre, noko som gjev ein nettovinst på kr 3 990 722.

I planperioden er det likevel ikkje lagt opp til auke i kraftinntektene då det rår stor usikkerheit rundt dette.

Heradet eig 15,3% av Hardanger energi. Forventa utbytte i heile planperioden er i tråd med den vedtekne utbyttmodellen.

Brukarbetaling er motyting for kommunale tenester og vert inntektsført over einingane sine driftsbudsjett. Det utgjer 4,62 % av dei totale inntektene til heradet. Brukarbetalinga er i budsjettframlegget justert opp, det er einingane sjølve som har kome med forslag på den prosentvise auken. Nokon einingar har auka prisen fordi det er naudsyn for å få budsjettet til å gå i hop, andre har auka prisen fordi satsane i utgangspunktet er låge. Då er det sjølvstekt teke atterhald for tenester som ikkje kan justerast, eller tenester der betalingssatsane vert fastsett i samsvar med eige sjølvkostrekneskap. Betalingssatsane for vass- og kloakkavgifter vert fastsett i sjølvkostrekneskap og renovasjonsavgiftene vert fastsett av styret i Indre Hordaland miljøverk.

Prosentvis fordeling av driftsinntektene.




4.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

Budsjett 2017 og øk plan 2017-2020						
Tabell 2	Bud 2016	Just 2017	2017 endr %	2018	2019	2020
Rådmann/ stab						
Lønnsutgifter	11 692 777		11 199 096	10 899 096	10 899 096	10 799 096
Driftsutgifter	11 716 623	75 000	11 791 623	11 666 623	11 691 623	11 566 623
Inntekter	-7 685 796		-7 027 796	-7 027 796	-7 027 796	-7 027 796
Netto	15 723 604		15 962 923	15 537 923	15 562 923	15 337 923
Barnehage						
Lønnsutgifter	8 337 797	378 000	8 924 242	8 924 242	8 924 242	8 924 242
Driftsutgifter	392 999		392 999	392 999	392 999	392 999
Inntekter	-1 570 650		-1 570 650	-1 570 650	-1 570 650	-1 570 650
Netto	7 160 146		7 746 591	7 746 591	7 746 591	7 746 591
Undervisning						
Lønnsutgifter	18 370 000		18 344 250	17 559 250	16 809 250	16 409 250
Driftsutgifter	2 977 089		2 647 089	2 647 089	2 647 089	2 647 089
Inntekter	-1 817 223		-1 817 223	-1 817 223	-1 817 223	-1 817 223
Netto	19 529 866		19 174 116	18 389 116	17 639 116	17 239 116
Helse og sosial						
Lønnsutgifter	7 575 847		7 765 243	6 737 243	6 737 243	6 737 243
Driftsutgifter	6 699 948	100 222	6 800 170	6 564 170	6 348 170	6 348 170
Inntekter	-2 481 587		-2 481 587	-2 481 587	-2 481 587	-2 481 587
Netto	11 794 208		12 083 826	10 819 826	10 603 826	10 603 826
PLOMS						
Lønnsutgifter	23 312 784		23 363 604	22 737 604	22 530 604	22 530 604
Driftsutgifter	2 583 646		2 583 646	2 583 646	2 583 646	2 583 646
Inntekter	-2 846 514		-2 960 514	-2 960 514	-2 960 514	-2 960 514
Netto	23 049 916		22 986 735	22 360 736	22 153 736	22 153 736
NAV						
Lønnsutgifter	1 523 202	555 600	2 116 882	2 116 882	2 116 882	2 116 882
Driftsutgifter	1 137 820		1 137 820	1 137 820	1 137 820	1 137 820
Inntekter	-214 402		-214 402	-214 402	-214 402	-214 402
Netto	2 446 620		3 040 299	3 040 300	3 040 300	3 040 300
Teknisk avdeling						
282						
Lønnsutgifter	1 780 000		1 348 380	1 348 380	1 348 380	1 348 380
Driftsutgifter	2 512 000		2 592 900	2 592 900	2 592 900	2 592 900
Inntekter	-4 292 000		-3 941 280	-3 941 280	-3 941 280	-3 941 280
	0		0	0	0	0
280,281,283						
Lønnsutgifter	10 786 700		10 556 368	10 306 368	10 056 368	9 356 368
Driftsutgifter	7 583 216		7 283 216	7 038 216	6 957 216	6 762 216
Inntekter	-3 915 020		-3 965 020	-4 023 020	-4 095 020	-4 179 020
Netto	14 454 896		13 874 560	13 321 564	12 918 564	11 939 564
Sum	94 159 256	0	94 869 050	91 216 056	89 665 056	88 061 056

Rammene til einingane byggjer på budsjettet for 2016 der lønskostnadane er kompensert med ein lønsauken på 2,5%. Endringane i ramma til einingane kjem etter at lønnsjurteringa er gjort. I budsjettarbeidet har einingane nytta rapporten frå Telemarksforskning aktiv og lagt inn sparetiltaka som let seg gjera i 2017.

Fordelinga mellom rammen ser slik ut:



Staben har tatt ned lønskostnadane med kr 786 000, inntektene i staben vert redusert med kr 658 000. Staben er tilført kr 75 000 til gjennomføring av valet i 2017.

Barnehagen sine sparetiltak var innført allereie i 2016. Ramma til barnehagen er auka med kr 378 000 då antall born på nokre avdelingar er over normen.

Skulen har redusert ramma si med kr 485 000 i lønskostnader og kr 330 000 i driftskostnader.

Helse og sosial har ein auke i ramma på kr 100 222 som følgje av ny avtale med barnevernet i Odda.

Pleie og omsorg har redusert lønskostnadane med kr 532 000 og auka inntektene med kr 114 000.

NAV si ramme for 2017 er auka med kr 555 600. Dette er i hovudsak introduksjonstønad til nye flyktningar.

Tekniske tenester reduserer lønskostnadane med kr 500 000, driftutgiftene med kr 300 000 og auka inntektene med kr 50 000.

I 2017 er sparetiltaka er på tilsaman kr 2 439 000 i , styking av enkelte einingar er på kr 1 108 822, netto sparetiltak er på kr 1 330 178.

Vidare i planperioden er det lagt opp til sparetiltak på:

- kr 3 668 000 for 2018
- kr 1 862 000 for 2019
- kr 1 529 000 for 2020.

4.3 Lån, renter og avdrag i planperioden

Lån	Tabell 4	årleg avdrag	re.gj 31/12-16	re.gj 31/12-17	re.gj 31/12-18	re.gj 31/12-19	re.gj 31/12-20
20080355	6 500 000	325 000					
20090166	7 692 450	384 623					
20090765	4 202 000	210 100					
20100969	2 500 000	125 000					
Refinansiering	14 257 610	712 881	13 544 730	12 831 849	12 118 969	11 406 088	10 693 208
20120647	28 220 000	1 411 000	0				
20150485	42 691 470	2 134 574	40 556 897	38 422 323	36 287 750	34 153 176	32 018 603
Nytt lån 2016	1 991 338	99 567	1 991 338	1 891 771	1 792 204	1 692 637	1 593 070
Nytt lån 2017	9 207 216	460 361		9 207 216	8 746 855	8 286 494	7 826 134
Nytt lån 2018	29 251 935	1 462 597			29 251 935	27 789 338	26 326 742
Nytt lån 2019	28 490 193	1 424 510				28 490 193	27 065 683
Nytt lån 2020	5 372 630	268 632					5 372 630
SUM			56 092 964	62 353 159	88 197 712	111 817 927	110 896 069
			2016	2017	2018	2019	2020
Avdrag			3 179 296	2 947 021	3 407 382	4 869 978	6 294 488
Renter			825 164	841 394	935 297	1 587 559	2 035 086
SUM			4 004 460	3 788 415	4 342 679	6 457 537	8 329 574

I framlegg til budsjett for 2017 legg me opp til at heradet skal ta opp lån på kr 9 207 216

I planperioden er det framlegg om låne:

- Kr 29 251 935 for 2018
- Kr 28 490 193 for 2019
- Kr 5 372 630 for 2020

4.4 Investeringar i planperioden

Tabell 5	2016	2017	2018	2019	2020
IKT	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
IKT skule	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
E-handel					
Kommunale bygg	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Kommunale vegar	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Innbet til husbanklån	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Gangveg	5 000 000				
Investeringar avløp ihht plan		6 150 000	6 150 000	2 450 000	2 650 000
Investeringar vatn ihht plan		5 330 000	1 900 000	2 680 000	3 330 000
Ulvik Sjukeheim ny/ rehabilitering			25 000 000	25 000 000	
Sum	7 600 000	14 080 000	35 650 000	32 730 000	8 580 000

I framlegg til budsjett for 2017 er det lagt inn investeringar i IKT, kommunale bygg og kommunale vegar. I tillegg er det lagt opp til investeringar i vatn og avlaup etter vedteken plan.

I planperioden er det framlegg om investeringar på:

Kr 36 650 000 for 2018

Kr 32 730 000 for 2019

Kr 8 580 000 for 2020

4.5 Disponible fond

	Konto (T)	Beløp
25300100	Investeringsfond	5 012 344
25300110	Ubunde inv. fond avbøtande tiltak	2 278 971
25791000	Disposisjonsfond	11 406 947
	Disponible midler	18 698 262

Ulvik herad har disponible midlar på fond på kr 18 698 262 pr oktober 2016. Då er det teke omsyn til allereie vedtekne løyvingar.

I planperioden er det forventa at heradet skal få tilbakeført tippemidlar i samband med ferdigstilling av fleirbrukshallen. Det var framlegg om tilbakeføring til fond for avbøtande tiltak i saka om fleirbrukshall.

4.6 Næringsfondet

Budsjettert bruk av næringsfond 2017			
Teneste	Tekst	2017	2016
3250	Tilrettelegging næringsliv		
	Kultur, næringskons. 60 %	373 000	361 000
	Bygdeutviklar 100 %	673 000	659 000
16/334	Hardangerviddatunnelene	50 000	50 000
12/387	Kunsnarhusvære i Berlin	0	9 600
	Honorar AONGrieg	90 000	87 000
15/355	Tilskot Reisemål Hardangerfjord AS	390 000	383 000
	(LVK) Landssamansl. av Vasskraftkommunar	130 000	130 000
12/185-8	IS Fjordvegen Rute 13	30 000	30 000
11/281-1	Utmarkskomm sammenslutning	40 000	40 000
13/398-6	Tilskot Ulvik Næringslag	917 500	917 500
12/46-33	Hardangerrådet	199 020	180 000
	Osafjellsvegen	40 000	40 000
	SNP/Tilskot	600 000	600 000
14/386-2	Nynorsk kultursentrum - Haugesenter	1 075 000	1 013 250
13/74	Poesifestival	544 000	530 000
	Cittaslow	100 000	
	Diverse driftsutgifter	166 050	228 150
12/319-9	Hardingpuls - Årleg tilskot	15 000	15 000
12/44	Medlemskontingent Forum nye Bergensbanen	33 000	33 000
	Somamrfestival - Årleg tilskot	25 000	25 000
13/197	Cruise destinasjon hardangerfjord	0	120 000
	Folkehelse/Stirydding/Skiltning av turløyper	40 000	40 000
14/333	Tilskot Veglaget Storurdi-Finse	0	30 000
15/36-2	Gamle Handelslaget	45 000	45 000
	SUM 3250	5 575 570	5 566 500
1200	Fellesadministrasjon		
	50% løn rådgjevar	0	356 000
3253	Tilrettelegging jordbruk		
	Tilskot forsøksringane	50 000	53 000
	Løn med mer næring	166 000	162 000
		216 000	215 000
3255	Tilrettelegging skogbruk		
	Løn/drift næringsadm	247 000	241 000
3256	Veterinærtjeneste		
	Løn/administrasjon	334 000	326 000
3852	"Frie" kulturmidlar	100 000	100 000
3601	Vilt/utmarksnæring		
	Løn/administrasjon	105 000	102 000
3750	Museum		
	Hardanger og Voss Museum	12 000	12 000
3850	Kulturadm.		
	Lønn og anna	0	128 000
3650	Kulturminneforvaltning		
	Tilskot kulturvern	30 000	30 000
SUM		6 619 570	7 076 500

Bruk av næringsfondet er redusert med nærare 500 000 kroner. Dette er utgifter til løn i kulturadministrasjon og diverse tilskot.

4.7 Sparekatalogen - oppsummering

Sparekatalogen er utarbeidd av rådmannen og einingsleiarane. Denne viser moglege innsparingstiltak i økonomiplanperioden 2017-2020. Sparekatalogen er rettleiande i arbeidet med innsparingar. Tiltaka etter denne oppsummeringa er innarbeidd i rammene til einingane, og vil bli gjennomført når vedtaka er endelege i dei årlege budsjetta. Tabellen er oppdatert pr.1.11.2016.

Sparekatalog	Sum i 1000 kr.					
Oppsummering.		År	År	År	År	
		2017	2018	2019	2020	
Eining/område	Tiltak					Merknader
Administrasjon	Kultursjef /rådgjevar100% stilling	-700				Naturleg avgang. Oppgåver overført andre. Ramma ned 228'
Administrasjon	20% ressurs stab		-100			Naturleg avgang.20% stilling.
Administrasjon	Avvikla lokalhistorisk arkiv		-300			Naturleg avgang. 45% stilling.
Administrasjon	Justert tilskot Kyrkja		-50	-50	-50	Justert tilskot Kyrkja
Undervisning	Reduksjon tal lærarar	-200	-600	-400	-400	Frå -0,6 til 2,5 årsverk i perioden. Slå saman klassar.
Undervisning	Velkomstklassen.Reduksjon.	-100	-100			Reduksjon med 0,5 årsverk.
Undervisning	Reduksjon assistentar	-125	-125	-250		Frå -0,5 til -1 årsverk i perioden. Mindre ekstraressursar
Undervisning	Kantinetilbodet	-150	-150			Tilbodet fell vekk, om de ikkje kan finansiert av brukarane
Undervisning	Ekskursjonar	-90				Færre døgn til ekskursjonar.
Undervisning	Reduksjon reiseutgifter	-50				Ikkje dekking reiseutgifter. Kulturskulen.
Undervisning	Lærebøker	-100				Redusert budsjett lærebøker
Helse& sosial	Redusert legeteneste		-528			Frå 3 til 2 fastlegar
Helse& sosial	Redusert fysioterapiteneste			-452		Frå 2 til 1 driftstilskot. Naturleg avgang eller vakanse.
Helse& sosial	Nr.10/vaskeriet flytta til US		-236			Reduera driftsutgifter ved flytting
Helse& sosial	Samanslåing PLOMS og HS		-500			Redusera frå 5 til 4 einingsleiarar.Naturleg avgang
Pleie- og omsorg	Redusera 80% stilling kjøkken	-102	-370			Reduksjon v/ledigheit. 20% (2017), 60% (2018)
Pleie- og omsorg	Redusera 50% stilling US		-256			Reduksjon v/ledigheit.
Pleie- og omsorg	Brukarbetaling- arbeidsstova	-54				Brukarane finansierer tenesta.
Pleie- og omsorg	Redusera 40% stilling hjelpepleiar			-207		Reduksjon heimehjelp
Pleie- og omsorg	Redusera sjåfør og heimehjelp	-430				40% heimehjelp.50% sjåfør.
Pleie- og omsorg	Betalingsstenester	-60				Auka inntekter. Heva satsar.
Teknisk	Auka gebyr byggesak og plan	-50	-58	-72	-84	20% auke pr.år
Teknisk	Kommunale vegar		-200	-30	-135	Redusert vintervedlikehald. Nedklassifisering vegar.
Teknisk	Evt. redusera 100% stilling kontor				-700	100% stilling kontor.
Teknisk	Redusert stilling 100% - drift	-250	-250			Naturleg avgang. 100% stilling drift.
Teknisk	Redusera 100% stilling reinhald	-250		-250		100% stilling redusert ved naturleg avgang
Teknisk	Redusera driftsutgifter -bygg	-300	-45	-51	-60	Sal av kommunal eigedom.Reduserte driftsutgifter.
Sum innsparing		-3 011	-3 868	-1 762	-1 429	

5.Vedlegg

- 5.1 Årsbudsjett 2017, drift. Budsjettskjema 1
- 5.2 Årsbudsjett 2017, investering. Budsjettskjema 2
- 5.3 Detaljert driftsbudsjett, budsjettskjema 1b
- 5.4 Betalingssatsar 2017